

Geir Marøy
Flaktveitsvingane 86
5135 FLAKTVEIT

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1674 - 23/15598

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
27.02.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 423/7 Marøy

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 423/7
Tiltakshavar: Geir Marøy
Ansvarleg søker: Geir Marøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.02.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonskart som er sendt inn må utbetrast. Situasjonskart må vise ytre mål på nytt tiltak.
2. Eigedom ligg i område for LNF-spreidd bustad (LNF-SBE). Det går fram av føresegns 3.4.2 at det er tillat med tilbygg og påbygg der verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) overstig 50 m².

Det er her søkt om å etablere tilbygg med BRA opplyst til 71 m². Tiltak er i strid med føresegns 3.4.2 i kommunedelplan for Radøy. For at det konkrete tiltaket skal kunne takast til vidare vurdering, må søknad supplerast med dispensasjonssøknad frå føresegns 3.4.2 i kommunedelplan.

Minner om at søknad om dispensasjon må nabovarslast.

3. Det er her søkt om tiltak utan krav til ansvarsrett jf. plan- og bygningslova (tbl.) §20-4. For at tilbygg skal kunne handsamast utan ansvarsrett, må det vere definert som «mindre tiltak på bebygd eiendom» jf.tbl. §20-4 bokstav a). Byggesaksforskrifta (SAK10) §3-1 bokstav a) viser vidare til at som mindre tiltak etter plan- og bygningslova, reknast tilbygg der verkem samla BRA eller BYA overstig 50 m².

Det er her søkt om tilbygg med BRA opplyst til 71 m². Dette går ut over definisjonen «mindre tiltak» i pbl. § 20-4. Dette inneber at søknad må sendast inn av ansvarleg føretak, ettersom det er søknadspliktig etter pbl. § 20-3.

Søknad må supplerast med naudsynte ansvarsrettar.

Viser på generelt grunnlag til at det er mogeleg å søkje om å stå som ansvarleg sjølvbyggar, jf. SAK10 § 6-8. Oppmodar dykk til å eventuelt undersøke dette nærmare på eiga hand, ettersom ein vert ansvarleg for at tiltak er utført i samsvar med lov og forskrift.

Vedlagt følgjer informasjonsskriv om situasjonskart, tilbygg og dispensasjonssøknad. Her finn dykk skjema for ansvarsrett og gjennomføringsplan, og eventuelt søknad om sjølvbyggar: <https://dibk.no/soknad-og-skjema/soknadsskjemaer-for-byggesak>. Sjå under «ett-trinnssøknad» og «skjemaer for ansvarsrett».

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.03.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 13.+Tilbygg+til+bolig+-+rev+desember+2017
- 18.+Dispensasjon+-+rev+desember+2017 (2)
- 19.+Situasjonsplan+-+rev+10062015 (1)

Mottakarar:

Mottakarar:

Geir Marøy
Geir Marøy

Flaktveitsvingane 86	5135	FLAKTVEIT
Flaktveitsvingane 86	5135	FLAKTVEIT